

Opning av Kvinnovasjonskonferansen, 24. januar 2008

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa

Lysbilete 1



Takk for invitasjonen til få koma hit i dag. Det er ei ære å få opna denne konferansen.

Programmet for desse to dagane verkar svært interessant og gjevande, må eg seia. Dels fordi det heile ber preg av sterk optimisme. Minst like viktig er at mykje her som peikar framover. Eg vonar denne tilskipinga inspirerer dykk og at de fer herifrå med endå større lyst og verkekraft enn då de kom.

Lysbilete 2



Den rauden tråden gjennom desse dagane er kvinneleg entreprenørskap.

Og eg skal snart seia ein del om korleis regjeringa freistar stø opp under målet om fleire kvinnelege entreprenørar.

Det bør av og til seiast at dette ikkje er eit politikkmål; ei samfunnssak som heng i lause lufta. Tvert om er det jorda i det eg vil kalla ein hard verdi: Overtydinga om at kjønn, om du er kvinne eller mann, ikkje skal avgrensa dine sjansar og livsvilkår. Sjølv her er det ikkje lenge sidan nett det var alt anna sjølvsagt.

I dag er det derimot stadig tydelegare at det norske samfunnet – berre på ein generasjon – har blitt radikalt annleis. Kvinner kjem til sin rett, opp og fram, på nye felt og område. Internasjonale samanlikningar, til dømes i SN-regi, framhevar Noreg og andre nordiske land som dei mest jamstelte i verda.

Jamstellinga held likevel fram i ulikt tempo på forskjellige område.

Framleis er kvinner underrepresenterte i næringslivet, framleis har vi ein veg å gå før arbeidsmarknaden er kjenneteikna av jamstelling.

Det er her glastaket ligg; mest usynleg i kvardagen, men opplyst likevel av tal som viser at kvinner tener mindre enn menn, arbeider meir uløna og i mindre grad enn menn når til topps. Og – relevant for oss i dag: Færre kvinner enn menn byrjar for seg sjølve; skipar føretak og skaper eiga verksemd i tråd med eigne interesser og ambisjonar.

Lysbilete 3



Eg vart vald inn i kommunestyret i Hjelmeland i 1979. Mykje av det vaksne livet mitt har dreidd seg om politikk; meir enn gründerverksemd... Denne figuren viser elles delen kvinnelege representantar i kommunestyre og fylkesting i heile landet gjennom stordelen av mi levetid.

Tidslinene kan lesast som uttrykk for ein evolusjon, men utviklinga liknar endå meir på ein revolusjon: Det er ei dramatisk endring vi ser her. Frå å vera marginaliserte i politikken, er kvinnrepresentasjonen nær 40 pst. i kommunestyra og endå høgare i fylkesting. Eg sit elles i den regjeringa der kvinner for fyrste gong er i fleirtal. (Eg er faktisk den statsråden som ”vippa” kvinnefleirtalet!)

Det er viktig i seg sjølv at politikken – makt og mynde, avgjerdss prosessar – har blitt nær jamstelt på denne korte tida.

Det fører også til ein annan politikk, trur eg. Det er lettare å føra ein politikk for meir jamstelling i samfunnet under eitt når fleire kvinner kjem med og påverkar kva som er politisk interessant; sjølve dagsordenen.

Vi kan læra av det som har skjedd i politikken, men vi kan ikkje minst bruka og forma politikken som gjer jamstelling i samfunnet elles lettare og betre.

Lysbilete 4



Stortingsmeldinga *Med hjarte for heile landet* er eit døme på det eg snakkar om.

Her bar vi til torgs dei overordna måla i distikts- og regionalpolitikken, nemleg verdiskaping og busetting i heile landet. Eit av satsingsområda for å nå desse måla er entreprenørskap, men meir enn det: eit særskilt og skarpt blikk på å leggja tilhøva til rette for kvinnelege nyskaparar.

Utgangspunktet for satsing på kvinner er at ein høgare del kvinnelege entreprenørar vil medverka til meir verdiskaping, større

fleksibilitet, meir innovasjon og større omstillingsevne i økonomien.

Det held ikkje med berre menn; fleirtalet må også vera med!..

Å leggja til rette for fleire kvinnelege entreprenørar i heile landet heng i hop med målet om at folk skal ha reell fridom til å busetja seg, leva og arbeida der dei ynskjer. Det å styrkja moglegheitene for entreprenørskap blant kvinner vil leggja til rette for at dei kan skapa eigne lønnsame arbeidsplassar nær heimstaden sin. Det styrkjer den lokale arbeidsmarknaden og næringsmiljøet. Entreprenørskap gir òg høve til personleg utvikling og kan gje større fleksibilitet når det gjeld val av arbeid og bustad og kva tid ein ynskjer å utføra arbeidsoppgåvene.

Lysbilde 5



Overgangen frå ord til handling er krevjande; dei fleste her veit at det er utfordrande å etablera ei verksemnd. Utvikling av forretningsideen, marknadsføring, finansiering er berre nokre døme

på utfordringane for alle som set i gang. Årsaka til at vi har ein spesiell politikk overfor kvinner kjem av skilnader mellom kjønn.

Både når det gjeld etablerarfrekvens og forskjellar mellom bransjar.

For det fyrste viser tilgjengeleg statistikk at blant dei som startar verksemd, er kvinner underrepresenterte.

- Av dei som etablerte eit personleg eigd føretak i 2006 var 32 pst.

kvinner (Kjelde: SSB).

- Av dei som etablerte eit AS eller ASA i 2006 var om lag 16 pst.

kvinner (Kjelde: SSB):

Dessutan: Menn og kvinner etablerer verksemd i ulike bransjar.

Ifylgje GEM Noreg 2006-studien startar gjerne kvinner verksemd som er retta mot konsument-varemarknaden, mens menn oftare startar industribedrifter og bedrifter som rettar seg inn mot forretningsmarknaden.


Tal frå SSB støttar resultata frå GEM Noreg 2006. Ifylgje SSB utgjer kvinner 44 prosent av etablerarane innan helse- og sosialtenester og

32 prosent innan undervisning og andre sosiale og personlege tenester i 2006. Undervisning og finansiell tenesteyting og forsikring har i 2006 hatt ein auke i delen kvinnelege etablerarar. Innan undervisning var 25 prosent av etablerarane kvinner, innan finansiell tenesteyting har kvinnedelen gått opp frå 7,6 prosent i 2005 til 14 prosent i 2006.

Vi kan velja å sjå moglegheiter i desse skilnadene for framtida. Når den disponible inntekta til folk aukar, blir gjerne tenester som helse, velvære, opplevingar og kulturbaserte tilbod meir etterspurde.

Samfunnsutviklinga i Noreg er generelt sett kjenneteikna av aukande kjøp og sal av tenester. Kvinnedelen i tenestesektoren er høg i dag. Mange kvinner har utdanning og yrkeserfaring innan desse næringane. Dersom føresetnadene elles blir lagde til rette for det, vil dette over tid innebera meir entreprenørskap blant kvinner.

Lysbilete 6



GEM (Global Entrepreneurship Monitor)- undersøkinga gjer oss nokre interessante perspektiv på forholda i distrikta:

Kvinner i dei minste kommunane ser fleire moglegheiter for å etablera bedrift enn kvinner i dei største kommunane. I kommunar med færre enn 10 000 innbyggjarar er kvinnedelen 33,1 prosent blant dei som meiner det er gode vilkår for å starte bedrift dei neste 6 månadene der dei bur, mens delen er 22,4 prosent i kommunar med fleire enn 100 000 innbyggjarar.

Men det er nokre skjær i sjøen:

Kvinner etablerer i større grad enn menn levebrødfretak, og dei etablerer gjerne verksemd som supplement til annan aktivitet. Det kjem til uttrykk ved at dei oftare etablerar enkeltpersonfretak enn AS/ASA. Kvinner er sjeldnare enn menn heiltidstilsette i verksemda

dei etablerer, og dei tener dessutan ein mindre del av totalinntekta si gjennom verksemda enn menn.

Vi har ein del kunnskap om særskilde utfordringar i distrikta. Mange stader er det lite næringslivsmiljø og få andre som sjølv er etablerar.

Det er viktig å ha nokon å snakka med, gjerne nokon som har erfaring. I tillegg har etablerarar behov for ulike typar ekstern kompetanse og tenester.

Erfaringane frå kvinnesatsinga i Næringshagane viser nettopp at det er avgjerande for mange potensielle etablerarar å delta i arenaer med tilgong på mellom anna eit nettverk, kompetanse og tenester. Dette kan vera avgjerande for mange kvinner, for at dei vågar å satsa.

Lysbilete 7



Meininga med politikken er ikkje detaljstyring, men fødselshjelp:

Laga rammer, påverka val – få til entreprenørskap i saman med og
på lag med slike som dykk. Korleis gjer vi dette?

Jo, departementet har bedt Innovasjon Noreg, SIVA og
Forskningsrådet om å auka fokuset på kvinner. Det trengst, fordi
løyvingane frå desse treffer og gjeld for få kvinner i dag. Til dømes
rapporterer Innovasjon Noreg at om lag 25 pst av heile løyvinga frå
alle departementa når kvinner. Tala for KRDs budsjettpostar er ikkje
betre.

Det handlar om å mobilisera og kvalifisera fleire kvinner. I tillegg må
departementet og verkemiddelaktørane saman sjå på om verkemidla
er utforma slik at dei kan stimulera til at fleire levedyktige
forretningsidear. Verkemidla må treffa kvinner, til dømes med tanke
på bransjar, behov for kompetanse m.m.

Fylkeskommunane er viktige samarbeidspartnalar for departementet i forhold til regionalt utviklingsarbeid. Store midlar vert kanaliserde via fylkeskommunane til Innovasjon Noreg. Det er fylkeskommunane som legg lokale og regionale føringar på midlar som går til bedriftsretta støtte, som mellom anna etablerarstipend. Eg oppfordrar difor fylka til i auka grad å prioritera unge og kvinner.

Ambisjonen om auka fokus på kvinner i alle verkemiddel vert fylgd opp av klåre mål. Det er viktig å synleggjera kva vi vil med arbeidet! Det er eit mål at innan 2013 skal 40 pst. av dei næringsretta midlane som Innovasjon Noreg, SIVA og Noregs Forskningsråd forvaltar, gå til kvinner. I 2008 vert det sett måltal for prosentdelen kvinner i nokre utvalde tiltak som inkubatorstipendet, FRAM- programmet og ungdomssatsinga til Innovasjon Noreg. Utvikling av arbeidsmetodar og rapportering vil vera sentralt i arbeidet i 2008.

Frå 2009 skal det etablerast måltal for prosentdelen kvinner i alle program.

Lysbilete 8



Kommunal- og regionaldepartementet støttar elles ei rekkje ulike tiltak, mellom anna undervisning i entreprenørskap i regi av stiftinga Ungt Entreprenørskap. Dette er eit døme på at haldningsskapande arbeid er heilt sentralt i ei langsiktig satsing på entreprenørskap. Resultata frå Ungt Entreprenørskap viser at prosentdelen som etablerer verksemd i vaksen alder er høgare enn i befolkninga elles. Satsing på entreprenørskap i skolen bidreg også til lokalt utviklingsarbeid. Ungdom arbeider med prosjekt, ofte i samarbeid med lokalt næringsliv. Dette gjer sitt til at ungdom lettare kan sjå potensial for å skapa seg ei framtid i sitt lokalsamfunn.

KRD har også vore med i eit prosjekt; kommuneprosjektet, frå 2005-2007. Prosjektet omfatta 19 pilotar og dekka 13 av fylka med til saman 47 kommunar. Erfaringane frå prosjektet var positive og viste at det er viktig med eit lokalt tilbod-/kontaktpunkt som kan hjelpe etablerarar og små verksemder. Erfaringar frå prosjektet

synleggjorde at eit slikt kommunalt tenestetilbod er viktig for å utvikla nye arbeidsplassar og ein robust næringsstruktur i fleire lokalsamfunn. Prosjektet blir no vidareført, og er eit samarbeid mellom Landbruk- og matdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Innovasjon Noreg, KS, Fylkesmannen og fylkeskommunane.

Arbeidet med å utvikla slike tenester lokalt skal byggja på eit samarbeid med kommunane. Dei regionale partnarskapa skal i samarbeid med kommunane i kvart fylke avklara innretning av arbeidet. IN er operatør for arbeidet, og har inngått samarbeidsavtale med KS om vidareutvikling av prosjektet.

Lysbilete 9



I statsbudsjettet for 2008 har Kommunal- og regionaldepartementet prioritert satsing på kvinner innanfor fleire ulike program.

Mentor

Ein aukande prosentdel unge i aldersgruppa 18-35 år kan tenkja seg å starta eiga verksemd.

Kommunal- og regionaldepartementet har løyvd 3 mill. kr til Innovasjon Noreg til å utvikla mentortilbod for unge etablerarar. Unge etablerarar har behov for rettleiing over tid. Dei brukar lang tid på å avklara potensialet i sin idé og skaffa grunnlag for strategiske val undervegs, også etter at dei har gjort seg eigne erfaringar. Unge etablerarar etterspør strategisk rettleiing utover den eksisterande kontakten med verkemiddelapparatet.

Målgruppa for denne satsinga er unge av både kjønn. Men departementet trur at dette tiltaket i større grad vil treffa jenter då kvinner oftare enn menn er usikre i høve til eiga kunnskap og kompetanse. Innovasjon Noreg har som ambisjon om at 40 prosent av deltakarane skal vera jenter, men det er ikkje et seleksjonskriterium.

Innovasjon Noreg har fått i oppdrag å utvikla konseptet i løpet av 2008. Mellom anna skal Innovasjon Noreg gjennomføre 3-5 pilotar i ulike regionar, samt utprøva mogleg innretning på eit slikt mentortilbod.

FoU- inkubator

I 2008 løyver KRD 3 mill. kr. til ei satsing på å få opp prosentdelen kvinner i SIVA sine FoU- inkubatorar. I dag er det mellom 10 og 15 pst kvinneleia verksemder i inkubatorane. Det er ikkje godt nok!. Vi må ha på plass fleire verksemder leidde av kvinner. I dette arbeidet må SIVA byggja på erfaringar frå satsinga i Næringshagane.

VRI

I 2008 løyver KRD 6,5 mill. kr. til Noregs forskingsråd for å styrkja deltakinga frå kvinner innanfor verkemidla i VRI- programmet (Verkemiddel for regional innovasjon).

Regionane skal sjølve definera korleis midlane skal brukast innanfor regionane sine eigne prioriterte innsatsområde. Regionale

handlingsplanar for likestilling innanfor VRI- programmet skal på plass. Forskingsrådet vil ta kontakt med regionane om dette i nærmeste framtid.

Regionane må i handlingsplanane tydeleggjera mellom anna:

- Kva for nokre verkemiddel som skal nyttast i satsinga på kvinner
- Auka kjønnsdimensjon i forsking på samfunns- og næringsliv.
- Måltal for kvinner involvert på strategisk nivå (til dømes programstyre), i verkemidla og i involverte verksemder.

Lysbilete 10



I 2008 introduserer Kommunal- og regionaldepartementet ei ny stor satsing på etablerarar i distrikta: NyVekst

Dette er ei finansieringsordning som er tenkt retta mot verksemder som er eit par år gamle, og som har høge ambisjonar om framtidig

vekst. Ordninga skil seg frå andre støtteordningar, ved at ho opnar for å gje støtte på bakgrunn av utgifter til drift. Dette gjer at fleire verksemder i vekst kan overleva det såkalla "blodbadet", nemleg at etablerarar slit med høge utgifter til drift og lita inntening. Her er det eit hol i det offentlege og private tilbodet på finansiering.

Departementet har som eit mål at 40 pst av midlane skal gå til vekstbedrifter som er leidde av kvinner, men kjønn vil ikkje vera seleksjonskriterium.

Ordninga skal i hovudsak finansierast via dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane. Regionkontora til Innovasjon Noreg skal forvalta ordninga.

(Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til at det blir brukt ca 40 mill kr på ordninga i 2008. Av desse blir 35 mill kr fordelte på fylkeskommunane, og 5 mill kr. går til Innovasjon Noreg sentralt som ein "tilleggspott" til å få fram gode prosjekt.

Storleiken på ordninga vil vera avhengig av at fylkeskommunen prioriterer den, men departementet legg vekt på at det nye handlingsrommet i EØS-avtalen blir teke i bruk. Ordninga vart godkjend av ESA før jul og Innovasjon Noreg vil byrja å ta imot søknader tidleg i 2008.)

Lysbilde 11



I tillegg vil eg trekka fram ei viktig satsing regjeringa vedtok i statsbudsjettet for 2008.


Svangerskaps- og foreldrepenge vert frå 1. juli 2008 dekte med 100 prosent (inntil 6G) frå folketrygda. Sjølvstendig næringsdrivande får no like rettar som tilsette i samband med fødslar og foreldrepermisjon. Dette viktige grepet vil medverka til auka tryggleik og redusert risiko for unge etablerarar. Målet er å leggja til rette for at sjølvstendig næringsdrivande, både kvinner og menn, kan kombinera næringsaktivitet og omsorg for born.

Til no har eg fortalt om ei rekke nye tiltak i 2008. Eg må også understreka at det alt eksisterer mange viktige tiltak både for etablerarar generelt og kvinner spesielt. Til dømes er satsinga på kvinner i Næringshagane; Kvinnovasjon. Dette har eg sjølv sett og lært om på Kapp og Dokka.

Innovasjon Noreg har elles fleire tilbod både spesielt retta mot kvinner, som GRO- programmet og kultur og næring gjennom programmet FRAM- kultur. I tillegg finst det mange viktige tiltak både lokalt, regionalt og nasjonalt eg ikkje har hatt høve til å nemna her, og som de kanskje får sjå meir til i løpet av konferansen.

Om kort tid vil også regjeringa leggja fram ein eigen *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner.*

Lysbilete 12



Mykje av politikken i denne stortingsperioden handlar om Soria Moria, men dette er ikkje eventyr for vaksne. Det handlar om å endra samfunnet; gjera det betre for fleire. Ikkje minst vil vi ha eit meir jamstelt samfunn. Politikarar aleine kan ikkje få til dette, sjølvsgåt. De er dei viktigaste, slike som dykk. Fleire kvinner som skaper og formar sine liv er det som trengst og dei vi treng.

Lukke til!

Og takk for meg.